

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6, Tillegsspørsmål

Fylke: Hordaland

Tillegsspørsmålnr.

Herad: Gravnes

Emne: musikk-instrument

Bygdelag: d. s.

Oppskr. av: Jon Haukanes d. s., 84 år.

Gard: Haukanes


(adresse): Folkedal

G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle, *noko etter andres i fortelling*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Låra av bark kjennet og ikkje det. Men dei laga seg flyte av selje eller paurn, helst av smågutar, som varen tidleg dei treid svadde. Dei losa borken av, ved å slå på den med eit knivskaft s. l. Små flyte hadde dei ei pistel, helst av paurn. Dei skar eit hol i borken og noko ved fjelgde og med, trekte so borken av og skes noko av veden framme i flyto , hadde so borken yver veden att og bles i den, so dei fekk fram ein ljo - pisting.

Selje flyto var noko omorleis laga. Dei tok eit tre flytkje. set at eine enden av flyte-ommet, so borken var open inni, laga so fleire hol i borken - ljo hol - og hadde dessutan eit større bleshol, umlag på midten av flyto. Den andre enden av flyto var tett, og borken var ikkje losa av her. Gjense lydar fekk dei fram, når dei bles i det største holet, heldt med ein fingur for enden av borken, og fingla med andre fingra yver ljo holi. Då heiter det at dei spela på flyto. Setkunde vera sonar til lette songar, spillar og danse-slattar.

Bukkahodn hev og vare i bruk. Ein
 spikkahodn i Smalenden, so det var
 eit ljóhol til å blása i. Bukkahodn kunde
 gjera ein steik ljo, serleg um det var
 fleire kot i hodne, med yngre songer. Det var
 serleg gjatara som brukte i fjelle under
 gjæding. Heima på gatane brukte dei og
 slike hodn til å blása i nær slattefolke
 skulde heim til måls (e: miltidene, daur
 og non; til daurs og til nons).

Lur hadde dei det som gjatara
 brukte å låta. Det var ein langelur, laga
 av trespiler og røyra med saog (teger). Eg
 minnest langeluren var i bruk av gjæ-
 taren på Stølenberkadalen. Stølen løynde
 til garden Røynestrand og låg på den andre
 sida av Sparvinnfjorden og midt for Haukanes

Det var smågetleik å smedla
 med handi krava åt blålokka og krinna
 åt smedleblomen og fl. rein kunde og
 smedla i handi storeblad av vegbreidd
 kjempa og storeblad av katt og firkål
 og bestahov.

Der dei hev mykje fruktre, skramma
 dei fuglane vekk frukt i med ei krakke kuedla.
 Det ligg i namnet at ein skramde krakka
 vekk ender på kornakren eller på grøn-
 sakene i åkren. Denne skredla var laga
 av trespilar, bunde saman med saog, som
 dei fann i myrane på fjelle. av fine
 bjærherøter

Før eit brudlaugslag forbi ein gard, måtte
 dei ikkje skjote 2 skot. Det var skitaraskot det 2.
 Tre skot var ares-skot. Koko vermonst det vunde
 var skoti ikkje, det eg høyrdde. Fjörkrossar var
 brukte på stakursdåene for å halda vekk vonda anda